

Innkalling til instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 4. desember 2024, kl. 12.15

Stad: rom 216, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Kari Soriano Salkjelsvik.

Frå gruppe B: Emil Perron

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Nina Thuestad Forus, Christine Fagg og Solveig Aadland

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 16. oktober 2024

Referatet vart sendt ut 16. oktober, og det har ikkje kome merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) tilsetjingar
- B) oppfølging studieprogramporteføljeprojektet
- C) [referat UUI, 25.09.2024](#).

Sak 4 – Økonomiorientering

Instituttleiinga orienterer om utsiktene for instituttet sin økonomi i 2025 med utgangspunkt i vedlagt notat.

Sak 5 – Arbeidsmiljøet ved instituttet

Årshjulet for HMS-arbeidet på IF legg opp til fast årleg oppdatering og konkretisering av HMS-plan for neste år på instituttrådsmøtet i november/desember. Instituttleiingar føreslår å skyve denne saka til januar møtet og erstatte henne med ein diskusjon av det aktuelle arbeidsmiljøet og tiltak for å betre dette.

Instituttleiingar vil gi ei munnleg orientering om status for arbeidsmiljøet per desember 2024 og kva tiltak instituttleiinga gjer for å styrke arbeidsmiljøet. Instituttleiingar vil invitere instituttrådet til

ei drøfting av desse tiltaka. Kva kan vi gjere for å styrke arbeidsmiljøet framover og kva rolle kan instituttrådet spele i dette arbeidet?

Sak 6 – Undervegsevaluering av strategiplanen for IF

Instituttrådet vedtok i januar [strategi](#) for perioden fram til 2030. Instituttrådet vert invertert til drøfting av status for strategiarbeidet.

Vedlegg: Notat frå instituttleiar om status for strategiarbeidet.

Sak 7 – Nasjonal satsing på framandspråk

Instituttleiar vil gi ei munnleg orientering om samarbeidet med andre framandspråksinstitutt i Noreg for å fremje forståinga av viktigheita av framandspråk blant nasjonale politikarar.

Sak 8 – Utlysing av rekrutteringsstillingar

Som ved tidlegare høve ønskjer instituttleiinga å drøfte spørsmålet om fordeling av stipendiatheimlar med instituttrådet. Sjå vedlegg.

Sak 9 – Møteplan 2025

Instituttleiinga føreslår følgande møtedatoar for instituttrådet i 2025: 29.1., 26.3., 28.5., 27.8., 15.10., 3.12.

Sak 8 – Ymse

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Driftsrekneskap og -budsjett ved Institutt for framandspråk i overgangen mellom 2024 og 2025

Orientering til instituttrådet ved Institutt for framandspråk 4. desember 2024

Situasjonen

Den økonomiske situasjonen i heile UH-sektoren er svært trong, og det humanistiske fakultet ved UiB opplever særlege utfordringar knytte til inntektstap etter nedgang i studiepoengproduksjonen. Vi ser ut til å enda opp med eit budsjett med årsunderskot på fakultetet for andre år på rad, og langtidsbudsjettet er òg svært vanskeleg. I denne situasjonen er hovudfokuset ei økonomisk styring som sikrar det økonomiske grunnlaget for jobbane på fakultetet på lang sikt. I oktober vedtok fakultetsstyret ein ny budsjett- og ressursfordelingsmodell. Hovudprinsippet i denne modellen er at ein større del av inntektene vert kanaliserte inn i fakultetsbudsjettet, der fastlønsbudsjettet ligg.

Instituttrådet har tidlegare vorte orientert om at driftsrekneskapen ved IF kunne enda opp med eit underskot på inntil 1.4 millionar kroner i 2024, der overforbruk på eksterntfinansierte prosjekt utgjorde om lag 0,8 millionar. Samstundes har vi lagt til grunn at IF vil få utbetalt eit samla overskot frå dei ulike prosjekta innanfor Kompetanse for kvalitet (Kfk) på rundt 4.5 millionar i 2025. Ut frå dette senarioet var det forsvarleg å ta med eit underskot frå 2024 inn i neste år, og vi hadde endå til eit håp om å ha med oss eit overskot frå 2025 til 2026. Sjå institutttrådssak 4 frå møtet 16.10. i år.

Den økonomiske situasjonen er no mørkare enn han var så seint som i midten av oktober. Fleire faktorar trekkjer ned inntektssida på driftsbudsjettet vårt:

- *Overskot frå Kompetanse for kvalitet.* Fakultetsstyret skal 10. desember vedta budsjett basert på ein ny fordelingsmodell for driftsbudsjetta ved institutt og senter. Ein større del av inntektene frå prosjekta våre, inkludert sluttgevinst, vil med den nye modellen gå til å styrka fastlønsbudsjettet på fakultetet. Instituttet har søkt om ei overgangsordning her sidan det gjennom heile prosjektperioden har vore lagt til grunn at heile dette overskotet skulle gå til instituttet. Vi veit ikkje resultatet her før etter fakultetsstyremøtet i desember, men ut frå skisser som har vore presenterte, kan det sjå ut til IF sin forventa gevinst frå Kfk blir redusert med 560 000 kroner.
- *Den resultatbaserte tildelinga.* Resultatdelen utgjer kjernen i driftsbudsjettet til instituttet. Resultatdelen på vel 2 millionar i år ser ut til å bli halvert til 1 million i 2025. Dette skuldast dels at instituttet har svakare studiepoengproduksjon, men hovudgrunnen er ein sterk reduksjon av den samla potten som skal fordelast ved fakultetet.

- *Smådriftsmidlane.* Her fekk vi 234 000 i 2024. Løyvinga ser ut til å bli fjerna heilt i budsjettet for 2025.

Ingen av kutta over er heilt sikre før budsjettvedtaket i fakultetsstyremøtet 10.12, men alle er sannsynlege. Til saman utgjer dei ein reduksjon i disponible midlar i driftsbudsjettet til IF på nesten 2 millionar kroner.

Så kan det innvendast at driftsbudsjetta til HF-institutta er «småpengar» samanlikna med fastlønnsbudsjettet ved fakultetet, der dei store summene ligg. Den kritiske faktoren er likevel at det er desse småpengane vi brukar til å finansiera vikarar, toarstillingar og sensorar. I tillegg finansierer driftsbudsjettet vårt hms-tiltak, datautstyr, støtte til møte og samlingar, bøker til forskning og undervisning, støtte til forskning og publisering, støtte til gjesteforelesarar mm.

Uavklara spørsmål

Fleire spørsmål er uavklara når det gjeld driftsøkonomien ved IF på steget inn i 2025, m.a. desse spørsmåla:

- Korleis blir *overgangsordningane* frå gammal til ny modell for driftsbudsjetta? Fram til no har frikjøpsmidlar og prosjektoverskot gått til instituttet, i den nye modellen blir desse inntektene delt likt mellom institutt og fakultet. På utvida leiarmøte 26.11 vart det skissert ein kompromissmodell for overgangsåret 2025, der institutta får 75 prosent av frikjøpsmidlane og 87.5 prosent av prosjektgevinstane.
- Kor stort blir underskotet IF tek med frå 2024 til 2025? Desember månad er det mange fakturaar, reiserekningar og eksamenshonorar som skal dekkast, og det utgjer ein stor skilnad for situasjonen i 2025 om vi tek med oss ein minus på 1.5 eller 0.9 millionar inn i året.

Innsparingar og kutt

Instituttet må gjera store kutt i driftsbudsjetta framover. Kutta må innførast delvis i 2025-budsjettet, og for fullt i 2026-budsjettet. Nokre kutt har ein meir kortsiktig karakter, og andre reduksjonar på utgiftssida har meir langsiktige verknader.

For *2025-budsjettet* må vi vurdere stramme kutt der det er mogleg. Vikarutgiftene er i stor grad bundne opp for vårsemesteret. Haustsemesteret har vi eigentleg ikkje råd til vikarar dersom det ikkje følgjer eiga finansiering med. I situasjonar der vi tidlegare ville ha nytta vikar, må vi vurdere om det er mogleg å redusere undervisningstilbodet. Vi må òg vurdere reduksjonar andre stader, som i tildelingane til forskning og publisering, støtta til gjesteforelesarar, bruken av eksterne sensorar, arrangement ved instituttet mm.

Den nye budsjettmodellen og dei økonomiske rammene ved fakultetet gjer at vi må sjå for oss reduksjonar i *meir langsiktige kostnader*. Det meste av budsjettet vårt går til løn og honorar, og derfor er det i stor grad på dette feltet kutta må koma. Ein stor kostnadsreduksjon på driftsbudsjettet blir gjennomført sommaren 2025 når 120 prosent stilling på spansk blir flytta frå driftsbudsjettet ved IF til fastlønnsbudsjettet ved fakultetet. Instituttet må òg vurdere alle ordningar med toarstillingar. Og dersom inntektssida til instituttet ikkje betrar seg framover, er

det i svært liten grad rom for å henta inn vikarar ved forskingsterminar og større verv (t.d. som fagkoordinator). Ein kan òg tenkja seg å redusera utgiftene til sensorhonorar gjennom å overføra sensurarbeid frå eksterne sensorar til fast tilsette ved instituttet. Men, i alle fall på dei fleste av faga våre vil det vera ei diskutabel prioritering å tilføra medarbeidar med høg undervisningsbør meir eksamensarbeid. Konsekvensane av dei sterke kutta i driftsbudsjettet til instituttet vil uansett vera eit redusert undervisningstilbod.

Inntekter

Kan driftsbudsjettet styrkast gjennom å tilføra nye inntekter? Svaret er ja, men dette er ofte eit langsiktig arbeid (med usikkert resultat), og det å tena pengar krev ofte òg ei viss investering av ressursar, som kan vera vanskeleg å frigjera i nedskjeringstider. Nokre område peikar seg likevel ut:

- Det er vorte eit mantra, men det er likevel sant: Får vi kvar student til å ta litt fleire studiepoeng årleg, vil inntektene til fakultetet veksa monaleg. Dette vil i neste omgang òg styrka driftsbudsjetta til instituttet. Om den programporteføljereformen vi står midt oppe i, får eit slikt resultat, vil det vera svært positivt for økonomien.
- Instituttet har dei siste åra ikkje fått mange nye prosjekt av eit visst omfang. Kanskje er dette i ferd med å endra seg. Ernesto Semán har fått NFR-prosjektet DARKLAX. I tillegg har fleire IF-forskarar klar søknader til både ERC og NFR. Fleire prosjekt vil tilføra instituttet inntekter, sjølv om ein mindre del enn tidlegare går til instituttbudsjettet (p.g.a. den nye budsjettmodellen). Nye store sluttgevinstar i millionklassen vil vi ikkje få før i 2028, når dagens prosjektperiode er over for Nasjonale prøvar i engelsk.
- Instituttet har eit stort potensiale innan vidareutdanning, og IF har gjennom åra fått til mykje på dette feltet. Mange spørsmål er enno uklare, men vi reknar med det vil koma ein oppfølgjar etter at ordninga Kompetanse for kvalitet er avvikla. Vil vi ved IF vera i stand til å tilby nye opplegg som òg tilfører oss inntekter?

Når det gjeld det siste punktet over, er det tankevekkjande at fakultetet får inn resultatmidlar på nesten 5.5 millionar kroner i 2025 basert vidareutdanningstilbodet ved IF, dvs. hovudsakleg på dei fjernundervisningsemna IF gav på fransk, italiensk, spansk og tysk to år tidlegare (gratis kursa). Desse pengane går i all hovudsak inn i fellesbudsjettet ved HF, og det er på eitt vis rimeleg. På den andre sida kan vi no oppleve at instituttet må gjera så sterke kutt i undervisninga at vi må avvikla fleire av eller alle desse fjernundervisningstilboda. I så fall vil fakultetet få redusert inntektene sine med fleire millionar årleg.

Instituttrådsmøtet i januar 2025

Situasjonen for instituttbudsjettet er så krevjande at leiinga vil leggja fram ein spareplan, med både kortsiktige og langsiktige tiltak, saman med budsjettsaka på instituttrådsmøtet i januar 2025.

Notat – Underveisevaluering av instituttstrategi

Instituttrådet vedtok i januar strategi for perioden fram til 2030. Instituttrådet vert invertert til ei drøfting av status for strategiarbeidet.

Bakgrunn

Den overordna visjonen for IF sin strategi for perioden fram til 2030 er at IF skal bidra til ei betre forståing av verda gjennom forskning, undervising og formidling som held høg kvalitet og er i kontinuerleg utvikling. Strategien er delt inn i fire hovudområde: forskning og forskarutdanning, utdanning, formidling og organisasjon. Gjennomgangen er basert på denne inndelinga.

Forskning og forskarutdanning

Hovudmåla i tida fram mot 2030 er å auke omfanget av eksternfinansiert forskning og auke talet på ph.d.-prosjekt som vert gjennomførte på normert tid.

I perioden fram til 2030 skal IF difor:

- Styrke satsinga på forskargrupper, mellom anna ved å utvikle ein forskargruppestrategi for instituttet i 2024;

Instituttet har vidareført ordninga med økonomisk støtte til forskargruppene og prioritert dei i tildeling av stipendiatstillingar. Strategien for forskargrupper har ikkje kome på plass i 2024. Dette har særleg skuldast kapasitetsutfordringar i den administrative oppfølginga av arbeidet som følgje av vakansar i administrasjonen i haustsemesteret.

- Betre føresetnadane for å søkje om og drive eksternfinansierte forskingsprosjekt;

Det viktigaste einskilde tiltaket har vore forskingskoordinator sine lønsjarrangement for å diskutere eksemplar av søknadar. Eit viktig element i dette arbeidet er at vi har fått sett av ei halv administrativ stilling til forskingsadministrasjon på instituttet. Vi har sett ein sterk auke i talet på søknadsinitiativ det siste året og er svært glade for å ha fått tilslag på ein NFR-søknad.

- Styrke både den administrative og den fagleg-sosiale støtta til ph.d.-stipendiatar og postdoktorar, mellom anna med regelmessige medarbeidarsamtalar òg for desse stillingskategoriane;

Det viktigaste grepet på dette området er ein handlingsplan for betre gjennomføring av ph.d.-prosjekt utarbeida av forskingskoordinator Laura Saetveit Miles i samarbeid med forskarutdanningskoordinator Marit Skaatan og andre.

- Styrke kompetansen på forskingsleiing og rettleiing av ph.d.-kandidatar

Den omtalte handlingsplanen er sentral og for dette punktet.

- Følgje opp UiB Fram for å sikre kvar einskild forskar si tid til forskning og sikre at alle tilsette har ein fagleg-sosial arena for å diskutere si forskning.

Dei viktigaste grepa for dette punktet har vore satsinga på forskargrupper, samt felles forskningstid på fredagar med skriveopphald for deltakarane.

Utdanning

Hovudmålet for perioden fram til 2030 er å rekruttere fleire studentar og få fleire av desse til å fullføre heile gradar på normert tid.

Det viktigaste arbeidet med oppfølginga av dette hovudmålet går føre seg i tett samarbeid med fakultetsnivået og dei andre einingane på fakultetet, innanfor rammene av studieprogramporteføljeprojektet. Elles har særleg arbeidet med rekruttering av studentar fått ei tydelegare innramming gjennom omorganiseringa av studieadministrasjonen.

For å få til dette skal vi:

- Byggje ut utvekslingstilbodet og leggje til rette for at alle studentar har eit godt tilbod om å reise ut i løpet av sine studium på IF;

Dette arbeidet går føre seg innanfor dei einskilde studieprogramma. Det siste året har det særleg vore aktuelt for arabisk i arbeidet med redesign. I tillegg har instituttleiinga vald å prioritere spanskfaget gjennom den administrative ressursen for internasjonalisering, og gjennom økonomisk støtte til ei prøveordning med utanlandsopphald i 2025.

- Auke arbeidsrelevansen av studietilbodet, mellom anna gjennom tettare kontakt med relevante aktørar i verksemdar som sysselset våre kandidatar;

Det viktigaste einskilde tiltaket her er pilotprosjektet med praksis i NorA som har vore gjennomført på arabisk.

- Styrke studentane si forståing av eigen kompetanse

Her står det att ein del arbeid.

- Sikre digital kompetanse i alle studietilbod, til dømes i samarbeid med Universitetsbiblioteket;

Dette arbeidet står att.

- Utvikle og følgje opp strategi for vidareutdanning i tett samarbeid med HF-fakultetet;

Dette arbeidet går føre seg no. Instituttleiara leier fakultetet si arbeidsgruppe for ny EVU-strategi for HF-fakultetet. Denne strategien vil verte vedtatt av fakultetsstyret i 2025.

- Synleggjere vår kompetanse på framandspråksundervising og relevansen av denne for utdanningsinstitusjonar på alle nivå i Noreg;

Instituttet har søkt UiB Vidare om 1 mill NOK for å vidareutvikle vidareutdanningstilbodet retta mot lærarar. Målsetnaden er å gjere instituttet i stand til å stå fram som ein nasjonal tilbydar av vidareutdanning innan framandspråk.

- Halde fram med å hente inn ekstern finansiering til styrking av studiekvaliteten, gjennom ordningar som til dømes Erasmus+, Norpart og Utforsk.

Instituttet har i 2024 søkt alle desse ordningane, i tillegg til ordninga Norstip. Vi har fått tildelingar frå Erasmus+, Utforsk og Norstip. Vi nådde diverre ikkje opp i ordninga Norpart, som no er i ferd med å

fasast ut av Kunnskapsdepartementet. Denne søknaden vil gå vidare til ein søknad innan Erasmus+. Fleire fagmiljø er aktive i desse ordningane, men franskfaget har utmerka seg med tilslag på Utforsk og Norstip.

Formidling

Hovudmålet for perioden fram til 2030 er å styrke IF sin posisjon som kompetansesenter for framandspråk og globale spørsmål i den norske offentlegheita.

For å få til dette skal vi:

- Synleggjere vår fagkunnskap, forskingsaktivitet, og vårt studietilbod for relevante målgrupper i ulike kanalar;

Den viktigaste oppfølginga av dette er prioritering av administrative ressursar til slikt arbeid gjennom arbeidsgruppa for rekruttering i studieadministrasjonen. Denne gruppa følgjer opp prosjektet med skulebesøk som stipendiat Kristine Seljemoen gjennomførte i 2023.

- Bygge ein internkultur for formidling, med tilsette som ønskjer å formidle og synleggjere instituttet sin fagkunnskap, forskingsaktivitet og studietilbod;

Her er det rom for å gjere meir konkret arbeid.

- Fremje den akademiske fridomen, både når det gjeld eigne tilsette og i samarbeid med andre.

IF tilsette i 2024 ein førsteamanuensis i åremålsstilling gjennom Scholar at Risk-ordninga.

Organisasjon

Hovudmålet for perioden fram til 2030 er å sikre god administrativ støtte til den faglege verksemda ved instituttet.

Instituttet vil:

- Styrke instituttrådets rolle som rådgivande organ;

Dette skjer først og fremst gjennom det praktiske arbeidet med å førebu og gjennomføre instituttrådsmøta.

- Sikre god oppfølging av strategien gjennom å etablere tiltaksplanar for kvart kapittel og rullere strategien hausten 2026;

Denne saka er ein del av arbeidet med å følgje opp dette punktet. Vi har i 2024 fått på plass ein tiltaksplan knytt til forskarutdanninga, men ikkje for nokre av dei andre kapitla.

- Gå gjennom organiseringa av administrasjonen, særleg med tanke på å frigjere ressursar til forskingsadministrasjon;

Dette arbeidet er gjennomført i 2024, med verknad frå august. Resultatet er at vi har frigjort ei halv stilling til forskingsadministrasjon lokalt på instituttet og organisert studieadministrasjonen på ein måte som gjer det mogleg med tydelegare fagleg oppfølging av internasjonalisering, rekruttering osb.

- Byggje vidare på fagmiljøet knytt til Nasjonale prøvar i engelsk;

Dette arbeidet er konkretisert gjennom ei rekruttering av ny forskar til prosjektet.

- Nytte medarbeidersamtalar som grunnlag for kontinuerleg fagleg utvikling, samt oppmuntre og leggje til rette for kompetanseheving, kurs og kortvarige utvekslingsopphald for alle tilsette;

Arbeidet med medarbeidersamtalar held fram.

- Redusere bruken av mellombels tilsette;

Instituttet har redusert bruken av mellombels tilsette kvart år etter ein topp i 2021. Denne utviklinga har halde fram i strategiplanperiode: I 2023 var 8.9 prosent av årsverka ved IF mellombelse, og i 2024 var denne prosenten nede i 8.2. (Stipendiatstillingar og toarstillingar er ikkje inkluderte i mellombels tilsette i denne statistikken).

- Sikre god internkommunikasjon gjennom faste nyhendebrev og regelmessige samlingar for alle tilsette med høve til å diskutere og utveksle idear om ulike sider ved IF sitt arbeid innan forskning, undervising, formidling og administrasjon;

Dette vert gjennomført gjennom IF-nytt og temamøte, men det er elles viktig å sjå dette punktet i samanheng med sak 5 om arbeidsmiljøet ved instituttet.

- Styrke fagutvala på alle fag og prøve ut ei ordning med eit felles fagutval for alle studentane ved instituttet

Eit felles fagutval vart etablert hausten 2024, med støtte frå den omorganiserte studieadministrasjonen ved instituttet.

Samla vurdering

Instituttrådet vert invitert til ei drøfting av status for implementeringa av strategien. Er det noko instituttrådet meiner bør prioriterast spesielt i 2025?

Notat – fordeling av rekrutteringsstillingar

Instituttleiinga ønskjer å drøfte innrettinga av ein eventuell neste runde med utlysingar av rekrutteringsstillingar med instituttrådet.

Bakgrunn

Det er per dags dato uklårt kor mange rekrutteringsstillingar instituttet kan rå over i 2025. Fordeling av rekrutteringsstillingar på universitetet og fakultetet er i endring som følgje av innføring av nye budsjett- og ressursfordelingsordningar på nasjonalt (statsbudsjettet), institusjonelt (UiB) og lokalt (HF) nivå. Fakultetsstyret for HF vedtok ny budsjett- og ressursfordelingsmodell i sitt møte 22. oktober. I sitt saksframlegg skreiv dekanen

«Når det gjelder rekrutteringsstillingar er det tatt hensyn til UiBs nye modell som åpner for årlig refordeling av ledige stillingar på tvers av fakultetene. Dette innebærer at fakultetene i praksis konkurrerer om de ledige stillingene. Fakultetet må derfor argumentere strategisk for tildeling og refordeling i budsjettinnspillet. HFs nye modell tar høyde for denne endringen, samtidig som den gir større rom for strategiske hensyn på alle nivå.»

For instituttrådet er det særleg viktig å merke seg at vi som institutt vil verte bedne om å gjere greie for behov for rekrutteringsstillingar som ein del av det årlege budsjettinnspelet. Dette innspelet vert sendt inn kvart sommar. I denne utgreiinga vert vi bedne om å synleggjere instituttet sine strategiske vurderingar og trekkje inn følgjande element:

- Gjennomføring på ph.d.-programmet innan 6 år (bruttotid).
- Publikasjonspoeng per stilling med ordinære førstevilkår.
- BOA-inntekt per stilling med ordinære førstevilkår.

Instituttrådet har dei to siste åra diskuterte innrettinga på utlysing av rekrutteringsstillingar. Dei siste to åra har utlysingar av rekrutteringsstillingar på IF vore knytte til forskargrupper. I 2024 var utlysingane eit resultat av ei søknadsbasert ordning. Fagmiljøa på instituttet vart inviterte til å sende inn søknadar om å få vere med på ei stipendiatutlysing og instituttleiinga fordelte dette mellom fagmiljøa etter ei overordna fagleg vurdering. Resultatet var ei utlysing knytt til framandspråksdidaktikk og ei knytt til forskargruppene Austslavisk språk, kultur og samfunn og Europas grenser. Resultatet var ei tilsetning på eit prosjekt knytt til forskargruppa Post-Truth English Teaching og ei tilsetning på eit prosjekt knytt til forskargruppa Europas grenser.

Utover desse to utlysingane som var ein del av dei ordinære heimlane, fekk instituttet høve til å lyse ut ei stipendiatstilling knytt til dei to fagmiljøa som har jobba med SFF-søknadar. Dette var ein del av ei strategisk satsing frå fakultetet. Resultatet vart ei tilsetning på forskargruppa Estetikk og kulturstudiar.

I tillegg har instituttet no ei stipendiatstilling i utlysing på det NFR-finansierte prosjektet DARKLAX, leia av Ernesto Semán frå Spansk språk og latinamerikastudium.

Drøfting

Spørsmålet er korleis vi no skal organisere fordeling av rekrutteringsstillingar.

Heilt overordna er spørsmålet om vi skal halde fram med den forma for søknadsbasert ordning som vi gjennomførte i 2023. Altså at fagmiljø søker om moglegheit til å vere ein del av ei utlysing av rekrutteringsstillingar og at instituttleiinga tildeler slike moglegheiter basert på kriterium instituttrådet er med på å fastsetje. **I forlenginga av dette overordna spørsmålet bør vi òg ta stilling til kva som skal vere grunneininga for slike søknadar.** Skal det vere fagmiljø, slik fakultetet sin fordelingsmodell ser ut til å leggje opp til, eller skal det vere forskargrupper, slik praksis har vore ved IF dei siste par åra?

Det neste spørsmålet er kva kriterium som skal liggje til grunn for vurderingane av søknadane opp mot kvarandre. Skal det vere dei kriteria fakultetet har lagt til grunn, eller er det andre kriterium som er viktigare i IF-samanheng? Kan det til dømes vere aktuelt å prioritere stipendiatstillingar til fagmiljø/forskargrupper som er særleg aktive når det gjeld å levere søknadar om ekstern finansiering?